



NVE

OTTERAAENS BRUGSEIERFORENING
c/o Otra Kraft, Setesdalsvegen 3455
4748 RYSSTAD

Vår dato: 27.03.2026

Vår ref.: 202603464-8 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå kravet om minstevassføring frå Hartevatn i Otravassdraget i Bykle kommune, Agder fylke

Vi viser til søknad av 10.02.2026 om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Hartevatn i Otravassdraget i Bykle kommune. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Otteraaens Brugseierforening kan fråvike kravet om minstevassføring frå 0,5 m³/s til 0 m³/s frå Hartevatn i Otra i to tidsrom på inntil éin time kvar. Tiltaket skal gjennomførast i løpet av éin arbeidsdag innanfor éin av dei to aktuelle periodane: 01.04.2026 – 14.06.2026 eller 16.09.2026 – 01.11.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Det skal først protokoll for det tidsrommet manøvreringsreglementet blir fråvike. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Det skal sleppast 2 m³/s i minst ein time i forkant av tidsromma utan minstevassføring.
- Tidsromma med redusert minstevassføring skal gjerast så kort som mogleg.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Otteraaens Brugseierforening kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- NVE føreset at Otteraaens Brugseierforening har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Om søknaden

Otteraaens Brugseierforening fekk ved kongeleg resolusjon av 3. oktober 2003 løyve til framleis regulering av Hartevatn i Otravassdraget, med tilhøyrande manøvreringsreglement og minstevassføringskrav.

Otteraaens Brugseierforening skal gjennomføre ein revurderingssynfaring av botntappelukene under dammen i samsvar med Damsikkerhetsforskrifta. For at det skal vere mogleg for undervassfarkosten (ROV) å nå fram til lukene må minstevassføringa stengjast. Otteraaens Brugseierforening søkjer om å fråvike kravet om minstevassføring i to periodar på inntil éin time kvar for å synfare lukene både oppstraums og nedstraums. Dagens minstevassføringskrav frå Hartevatn dam er på 0,5 m³/s frå 15. september til 15. juni, og 2 m³/s resten av året. I tillegg er det krav om minstevassføring ved hydrologisk målestasjon ved Hoslemo (om lag ein mil nedstrøms Hartevatn dam) på 2 m³/s frå 16. oktober til begynninga av snøsmeltinga, og 4 m³/s resten av året.

Synfaringa gjennomførast i løpet av éin arbeidsdag innanfor ein av dei to aktuelle periodane: 01.04.2026 – 14.06.2026 eller 16.09.2026 – 01.11.2026. For å redusere påverknaden foreslår tiltakshavar å sleppe 2 m³/s vatn i minst ein time før vatnet stengjast, og det blir gjort før begge tidsromma med fråvik. Om mogleg skal synfaringa gjennomførast på ein dag med tilstrekkeleg lokaltilsig nedanfor Hartevatn, slik at Hoslemo målestasjon ikkje får fråvik som følgje av fråvika ved Hartevatn. Tiltakshavar oppgjev at elva nedstraums Hartevatn er sakteflytande og prega av lite fall, og at dei planlagde fråvika difor vil ha svært avgrensa miljømessige konsekvensar viss dei gjennomførast som skildra.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjord lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Agder fylkeskommune hadde inga merknader til høyringa.

Statsforvaltaren i Agder uttalar i brev av 17.03.2026:

Når vannføringen reduseres til «null» kan dette få store økologiske konsekvenser for ferskvannsartene i området. Vannforekomsten Otra - Hartevatn til Sarvsfossen • 021-1075-R er dominert av loner og det er først etter Lomehylen strekningen får elvekarakter. Mellom Hartevatn og Lomehylen er det flere tilløpsbekker.

Statsforvalteren har ingen motforestillinger, men ber om at dette gjøres i perioder temperaturen er lav og hvor det er vann i bekkene. Gjøres dette i perioder med tørke og høy temperatur øker konsekvensene.

Otteraaens Brugseierforening har kommentert på fråsegna i e-post av 20.03.2026:

Vi kommer til å gjennomføre tilsynet i periode med lav temperatur og godt tilsig i sidebekker, slik Statsforvalteren ber om. Ellers ingen kommentarer.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Statsforvaltaren påpeiker i si uttale at å senke minstevassføringa til «null» kan føre til store økologiske konsekvensar for ferskvassartane i området, men nemner òg at elvestrekket fram til Lomehylen er dominert av djupe og stilleflytande elveparti. Statsforvaltaren peikar vidare på at det finst fleire tilløpsbekkar på strekket, og legg til grunn at tiltaket gjennomførast på ein dag med låg temperatur og vesentleg vassføring i tilløpsbekkane. Tiltakshavar legg òg til grunn at elva nedstraums Harteatn har lite fall og fleire naturlege tersklar, og meiner at vassføringa nedover i elva knapt vil bli påverka av tiltaket dersom det blir sleppt tilstrekkeleg med vatn på førehand.

NVE er samd med både Statsforvaltaren og tiltakshavaren i at dei fysiske tilhøva i elva gjer ekstra førehandsslepp av vatn til eit effektivt avbøtande tiltak. NVE meiner òg at det er gunstig om tiltaket gjennomførast på ein dag der lokaltilsiget er stort nok til å minske sjansen for avvik på hydrologisk målestasjon ved Hoslemo, slik tiltakshavar skildrar i søknaden. I tillegg vil tilsiget frå tilløpsbekkane bidra til å avgrense potensialet for økologiske konsekvensar, slik Statsforvaltaren legg til grunn. NVE legg til grunn at perioden utan minstevassføring gjerast så kort som mogleg, og at vassføringsendringar skjer gradvis, slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 16.03.2026. Langs elvestrengen mellom Harteatn og Hoslemo er det registrert 15 ulike raudlisteartar, derav 5 fugleartar, 4 artar lav, 2 artar sopp, 2 artar pattedyr, éin art karplante og éin moseart. Det er òg registrert fleire fragmenterte naturtypar med stor verdi omkring elva. Dette er hovudsakleg gamal furuskog, i tillegg til eit område med naturbeitemark på Maurliøyane. Etter NVE si vurdering vil ikkje dei registrerte naturverdiane i Naturbase og Artskart bli påverka av at minstevassføringskravet frå Harteatn blir fråvike i to korte periodar på inntil éin time kvar. Tiltaket har svært kort varigheit, og ingen av dei registrerte artane eller naturverdiane er direkte avhengige av kontinuerleg vassføring.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og av avgrensa omfang. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE kan ikkje sjå at to avgrensa fråvik (på inntil éin time kvar) frå kravet om minstevassføring frå Harteatn vil være til nemneverdig skade for nokon kjente allmenne interesser.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Otteraaens Brugseierforening kan fråvike kravet om minstevassføring frå Harteatn i Otra i to periodar på inntil éin time kvar. Tiltaket skal gjennomførast i løpet av éin arbeidsdag innanfor ein av dei to aktuelle periodane: 01.04.2026 – 14.06.2026 eller 16.09.2026 – 01.11.2026.

Med helsing



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Oscar Østvold
fagleiar

Hans Tørset
avdelingsingeniør

Mottakerliste:

OTTERAAENS BRUGSEIERFORENING

Kopimottakerliste:

OTTERAAENS BRUGSEIERFORENING - JAN KÅRE KVINLAUG
BYKLE KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	<p>Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort.</p> <p>Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.